

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 23. september 2019
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus, formannskapssalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sak 9

SAKLISTE:

07/19 Godkjenning av protokoll frå møte 20.05.19

08/19 Referat- og orienteringssaker 23.09.19

09/19 Tilbakemelding frå rådmannen på spørsmål frå utvalet om internopplæring og oppfølging av tilsette

10/19 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Innkjøp»

11/19 Revisor si egenerklæring for 2019


12/19 Budsjett 2020 - kontrollarbeidet i kommunen – kontrollutvalet sitt framlegg

13/19 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2015-2019

Ymse

Aksdal, 16.09.19

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar (sign.)



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordfører (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 9)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	23.09.19	07/19
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20.05.19

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 20.05.19

Saksorientering:

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 20.05.19 følgjer vedlagt. Protokollen er lest gjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og over sendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 20.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 16.09.19



Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 20. mai 2019 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.40
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Nina Vierdal Vee (Sp) og Ragni Sunniva Fett (V)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1..vara Pål Steinar Rullestad (Ap) og 3. vara Lars Ebne (Krf)
FORFALL:	Ivan Kaldheim (H), Anna Eriksen (Frp) og 2. vara Gunnar Løhaugen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Regnskapsrevisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS, t.o.m. sak 5
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Fung. rådmann Hilde Aartun Haraldseide i sakene 1 - 4, økonomisjef Vegard Bang i sak 3
MERKNADER TIL INNKALLING:	Lars Ebne peika på at medlemmene må melda forfall så snart råd er, slik at varamedlem får varsel i god tid før møtet
MERKNADER TIL SAKLISTE:	2 saker under Ymse

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19.11.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 19.11.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 20.05.19:

Leiar gjekk igjennom protokollen. Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.05.19:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 19.11.18 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 20.05.19

1. Statusrapport pr. mai 2019
2. E-post frå Etne Frp v/gruppeleiar Karlsen
3. Førebels svarbrev til Etne Frp v/Karlsen, dagsett 14.01.19.
4. Rapport frå NKRF-konferansen - evaluering/oppsummering
5. Årsrapport og skatterekneskap 2018 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
6. Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Etne kommune
7. Referat frå representantskapsmøte 05.04.19 – Samarbeidsrådet for Sunnhordland
8. Protokoll frå representantskapsmøte 26.04.19 – Haugaland brann og redning IKS
9. Protokoll frå representantskapsmøte 30.04.19 – Haugaland Vekst IKS
10. Innkalling til representantskapsmøte 06.05.19 - Haugaland Kontrollutvalssekretariat
11. Innkalling til representantskapsmøte 22.05.19 – HIM IKS
12. Kommunal rapport 31.01.19 – «Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokrati»
13. Kommunal rapport 14.03.19 – «Synlige kontrollutvalg kan oppnå mer»

Handsaming i kontrollutvalet 20.05.19:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Under pkt. 2 gjorde leiar greie for kommunestyret si handsaming av sluttavtalen til rådmannen, som var bakgrunnen for e-posten frå Etne Frp. Sekretær opplyste at utvalet ikkje kan overprøva kommunestyret sitt vedtak. Medlemmene var samde i denne vurderinga og vedtok at saka ikkje ligg innanfor utvalet sitt mandat.

Sekretær og leiar fortalde om ein lærerik og interessant konferansen på Gardermoen i januar. Utvalet hadde ingen merknader til dei andre referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.05.19:

Referatsakene 1 - 13 vert tatt til orientering.

Kontrollutvalet kan ikkje overprøva kommunestyret sine vedtak. Saka frå Etne Frp ligg ikkje innanfor utvalet sitt mandat.

SAK 03/19 ETNE KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne vedtek uttale til årsrekneskapen 2018 slik den ligg føre/med desse endringane/tillegga.

Handsaming i kontrollutvalet 20.05.19:

Økonomisjefen presenterte og orienterte om rekneskapen. Han gjorde greie for dei økonomiske nøkkeltala. Resultatet blei betre enn budsjettert. Netto driftsresultat blei på 19,8 mill. eller 5,2 %, som var godt over budsjettet. Årsaka til dette var mellom anna ekstra inntekter frå havbruksfondet, betre skattinnang, og høgare kraftinntekter. Driftsutgiftene hadde auka med 1,3 %. Han gjorde greie for bruk av fondsmidlar, netto lånegjeld og investeringar.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna meirforbruk innan pleie og omsorg, om det nye omsorgssenteret og sjølvkostfond.

Revisor orienterte om deira arbeid. Det var ikkje levert rein revisjonsmelding. Det skuldast at årsmeldinga ikkje var utarbeida innan fristen 31. mars. I revisjonsrapporten var det peika på at det stod igjen midlar frå 2013. Sjølvkostfond skal disponerast over ein 3-5 års periode.

Utvalsleiar gjorde framlegg om følgjande tillegg i vedtaket: «*Kontrollutvalet... ..og merker seg at sjølvkostfondet for avlaup er i pluss og at årsmeldinga blei ferdigstilt etter fristen*».

Utvalet slutta seg til framlegget til uttale, med leiar sitt tillegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.05.19:

Kontrollutvalet i Etne vedtek uttale til årsrekneskapen 2018 slik den ligg føre og merker seg at sjølvkostfondet for avlaup er i pluss og at årsmeldinga blei ferdigstilt etter fristen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.05.19 og uttale til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Etne vedtek uttale til årsrekneskapen 2018 slik den ligg føre:

Etne kommune sin årsrekneskap for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 6,9 mill. kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 19,8 mill. kr. Det utgjør 5,2 %, som er betre enn i fjor (2,6 %) og er øve anbefalt nivå på 1,75 %.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2018 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.18.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Etne kommune sin årsrekneskap for 2018.

SAK 04/19 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT OM «IKT OG INFORMASJONSTRYGGLEIK»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «IKT og informasjonstryggleik» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 20.05.19:

Leiar innleia om saka. Rådmannen viste til brev og internkontrollrapport som var vedlagt saka. Ho meinte rapporten hadde vore særst nyttig. Dei tilsette hadde vore involvert undervegs, og det hadde vore eit godt samarbeid med Vindafjord kommune. Internkontrollrapporten skulle nyttast i det vidare arbeidet og involvera fleire tilsette.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om rapporten hadde vore til nytte, om dette var eit kontinuerlig arbeid og bruk av eksterne konsulentar.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå rådmannen, men ønskte at utvalet får ei ny orientering om det vidare arbeidet i novembermøtet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.05.19:

Etne kontrollutval ønskjer ei oppdatert oppfølging av rapporten om «IKT og informasjonstryggleik» i møtet 25.11.19.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.05.19 og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «IKT og informasjonstryggleik» til orientering.

SAK 05/19 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2018 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2018 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 20.05.19:

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.05.19:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2018

Innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2018 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 06/19 REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON ELLER NYTT ANBOD I ÅR

Sekretariatet si innstilling:

Etne kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet Deloitte AS om levering av revisjonsteneste til Etne kommune fram til 30.06.21.

Etne kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebu sak om innkjøp av revisjonstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.

Handsaming i kontrollutvalet 20.05.19:

Oppdragsansvarlig revisor Holst-Larsen var ikkje til stades under handsaminga.

Leiar og sekretær orienterte om bakgrunn og innstilling. Utvalet meinte bruk av opsjon var fornuftig og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.05.19:

Etne kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet Deloitte AS om levering av revisjonsteneste til Etne kommune fram til 30.06.21.

Etne kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebudsak om innkjøp av revisjonstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.

YMSE

Innkjøp

Leiar opplyste at han hadde fått ein e-post frå Brødr. Flatebø AS. Selskapet uttrykte misnøye med kommunen sine anbudsrutinar for val av maskinentreprenørar. I e-posten var det lagt ved fleire skriv som dokumentasjon. Leiar opplyste at han, i samråd med sekretariatet, hadde sendt informasjonen vidare til forvaltningsrevisor. Dette med tanke på at informasjonen kanskje kan nyttast i det pågåande arbeidet med rapporten om kommunen sine innkjøpsrutinar.

Misnøye blant enkelte innbyggjarar

Leiar meinte at han høyrte mykje misnøye frå enkelte innbyggjarar. Innbyggjarane var ikkje nøgde med kommunen sine tenester og korleis dei blei handsama i møtet med kommunen sine tilsette. Kommunen skal yta best mulig service til alle innbyggjarane, det er det ikkje alle som opplever. Brukarundersøkingar syner at dei fleste innbyggjarar er godt nøgde med kommunen og tenestene som blir levert. Fleire i utvalet meinte å ha høyrte noko av det same.

Utvalet meinte det vil vera interessant å få ei orientering frå rådmannen om korleis dei tilsette får internopplæring og oppfølging for å yta best mogleg service og best mogleg tenester til alle innbyggjarane.

Utvalet slutta seg til framlegget om å få ei orientering frå rådmannen i septembermøtet.

Neste møte: måndag 23.09.19, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 20. mai 2019

Ståle Tunesvik
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	23.09.19	08/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

Saksvedlegg:

14. Statusrapport pr. september 2019
15. Kst.vedtak 19.06.19, sak 37 – oppfølging av rapport om IKT og informasjonstryggleik
16. Kst.vedtak 19.06.19, sak 38 – revisjonsavtale – bruk av opsjon eller nytt anbod i år
17. Brev av 12.07.19 til Deloitte AS vedr. forlengelse av revisjonsavtalen
18. Representantskapsprotokoll av 28.06.19 - Haugaland brann og redning IKS
19. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn 04.06.19
20. Val av kontrollutval for perioden 2019-2023 – brev frå FKT 01.07.19
21. NKRF – Rettsikkerhet – en del av fellesskapets verdier»

Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 14 - 21 vert tatt til orientering.

Aksdal, 16.09.19

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Kontrollutvalet – statusoversikt september 2019

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Innkjøp	19.11.18	23.09.19			250 timar
IKT og informasjons-tryggleik	20.11.17	17.09.18	31.10.18	20.05.19 og 25.11.19 Kst 19.06.19	I samarbeid med Vindafjord
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp KU/ KST	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	23.11.15	19.09.16	25.10.16		
Plan for selskapskontroll 2016-2020	23.11.15	19.09.16	25.10.16		
Styring av investeringar	09.02.15/ 11.03.15	21.09.15	28.10.15	21.11.16/ 15.12.16	Avslutta
VA-området – Sjølvkost	22.01.14	22.09.14	28.10.14	11.05.15/ 08.02.16/ 21.11.16	Avslutta
Målstyring	13.05.13	18.11.13	25.02.14	10.11.14	Avslutta
Sjukefråvær	13.02.17	02.10.17	17.10.17	14.05.18/ 20.06.18	Avslutta
Personvernlova	14.05.18	17.09.18			



Kontrollutvalssekretariatet

Etne, 24.06.2019

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Sakshandsamar:

19/60/19/6864

N - 103

RUN

Oppfølging av revisjonsrapport om IKT og informasjonstryggleik

Etne kommunestyre - 037/19:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Samrøystes

Etne kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «IKT og informasjonstryggleik» til orientering.

Med helsing

Ragnhild Underhaug Ness
leiar tenestetorget

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.





ETNE KOMMUNE
Tenestetorget

16

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 24.06.19
Journalført: 19/276/096
Arkivkode: 33

Kontrollutvalssekretariatet

Etne, 24.06.2019

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Sakshandsamar:

19/60/19/6866

N - 103

RUN

Revisjonsavtale - bruk av opsjon eller nytt anbud i år

Etne kommunestyre - 038/19:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Samrøystes

Etne kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet Deloitte AS om levering av revisjonsteneste til Etne kommune fram til 30.06.21.

Etne kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebu sak om innkjøp av revisjonstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.

Med helsing

Ragnhild Underhaug Ness
leiar tenestetorget

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Deloitte AS
v/Else Holst-Larsen

E-post: eholstlarsen@deloitte.no

Deres ref.
Holst-Larsen

Deres dato

Vår ref.
19/304/33/ogh/tha

Dato
12.07.19

VEDR. FORLENGELSE AV REVISJONSAVTALENE – BRUK AV OPSJON

Vi viser til avtaler om utførelse av revisjonstjenester for kommunene Bokn, Sveio, Vindafjord, Etne og Utsira

Revisjonsavtalene løper frem til 30.06.20 med mulighet for bruk av opsjon for 2 år.

De fem kommunene har gjort følgende likelydende vedtak:

Xx kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet Deloitte AS om levering av revisjonstjenester til xx kommune fram til 30.06.21.

xx gir kontrollutvalget fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og forberede sak om innkjøp av revisjonstjenester i 2020 med virkning fra 01.07.21.

Kommunestyrene behandlet saken henholdsvis: Bokn 18.06.19 – sak 29/19, Sveio 17.06.19 – sak 38/19, Vindafjord 28.05.19 – sak 24/19, Utsira 17.06.19 – sak 20/19 og Etne 19.06.19 – sak 38/19.

Avtalene blir forlenget frem til 30.06.21.

Sekretariatet planlegger å gjennomføre ny anbudsrunde i løpet av våren/sommeren 2020.

Med vennlig hilsen

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalgssekretær

Kopi: postmottak i Bokn, Sveio, Vindafjord, Etne og Utsira



Haugaland brann og redning iks

18

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks

Møtested: Diktervegen 8, Haugesund
Møtedato: 28.06.2019
Tid: 09⁰⁰ – 09³⁰
Saker: 19/013-19/014

Til stede:

Sigmund Lier, medlem	Tysvær
Jarle Nilsen, medlem	Karmøy
Tormod Våga, medlem	Bokn
Jorunn Skåden, medlem	Sveio
Marte Eide Klovning, medlem	Utsira
Siri Klokkestuen, medlem	Etne
Ole Johan Vierdal, medlem	Vindafjord

Ole Johan Vierdal har fullmakt fra Gerd Helen Bø om å representere Suldal kommune.

Forfall:

Gerd Helen Bø, leder	Suldal
Arne-Christian Mohn, nestleder	Haugesund

Andre:

Ole Martin Nordstrand, styremedlem
Dag Botnen, daglig leder

Diverse merknader: May Britt Vihovde har i mail av 26.6.2019 bekreftet at Haugesund kommune ikke har anledning til å delta på møtet.

Underskrifter:

Stad: Haugesund
Dato: 28.06.2019

Sigmund Lier
medlem

Jarle Nilsen
medlem

Tormod Våga
medlem

Jorunn Skåden
medlem

Marte Eide Klovning
medlem

Siri Klokkestuen
medlem

Ole Johan Vierdal
medlem

Møteprotokoll er sendt til:

- eierkommuner
- revisjonen/KPMG
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat

SAKSOVERSIKT

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
19/013	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
19/014	Budsjett for HBR 2019	Vedtak

SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

19/013 Godkjenning av innkalling og saksliste

BRANNSJEFEN SIN ANBEFALING

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som fremlagt.

Saksbehandling i representantskapet 28.06.2019

Haugesund kommune deltok ikke på møtet og har bekreftet ved varaordfører at de har ingen personer som med fullmakter som kan delta.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som fremlagt.

19/014 Budsjett for HBR 2019

BRANNSJEFEN SIN ANBEFALING

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar økonomi- og handlingsplan med investeringsbudsjett slik det er fremlagt.
2. Haugesund kommune gis en betalingsfrist på sin andel av driftstilskuddet på NOK 13 772 659,- (32,10 % av budsjett for 2019) til [14 dager fra vedtaksdato]
3. Dersom Haugesund kommune ikke betaler sin andel av driftstilskuddet innen betalingsfristen (inkludert eventuelle tilleggsfrister) skal øvrige eierkommuner dekke siste fjerdedel av driftstilskuddet i tråd med vedtak i sak 18/018, dog med betalingsutsettelse til 1.8.2019.

Saksbehandling i styret 13.06.2019

For punkt 2 må det presiseres at dette driftstilskuddet er for første halvår. Videre justeres kostnaden da det var et avvik mellom vedtak i representantskapsak 18/018 og kostnad i anbefaling fra brannsjef. Budsjettet er kr. 85 908 299 hvor det skal regnes 32.1 % for Haugesund sin eierandel.

Saken er unntatt offentlighet ref. § 23 første ledd. Vedtaket vil være offentlig.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

STYRET SIN ANBEFALING

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar økonomi- og handlingsplan med investeringsbudsjett slik det er fremlagt.
2. Haugesund kommune gis en betalingsfrist på sin andel av driftstilskuddet på NOK 13 788 282,- (32,10 % av budsjett for første halvår 2019) til 12.07.2019. Samlet driftstilskudd for 2019 er NOK 27 576 564,-.
3. Dersom Haugesund kommune ikke betaler sin andel av driftstilskuddet innen betalingsfristen (inkludert eventuelle tilleggsfrister) skal øvrige eierkommuner dekke siste fjerdedel av driftstilskuddet i tråd med vedtak i sak 18/018, dog med betalingsutsettelse til 1.8.2019.

Saksbehandling i representantskapet 28.06.2019

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar økonomi- og handlingsplan med investeringsbudsjett slik det er fremlagt.
2. Haugesund kommune gis en betalingsfrist på sin andel av driftstilskuddet på NOK 13 788 282,- (32,10 % av budsjett for første halvår 2019) til 12.07.2019. Samlet driftstilskudd for 2019 er NOK 27 576 564,-.
3. Dersom Haugesund kommune ikke betaler sin andel av driftstilskuddet innen betalingsfristen (inkludert eventuelle tilleggsfrister) skal øvrige eierkommuner dekke siste fjerdedel av driftstilskuddet i tråd med vedtak i sak 18/018, dog med betalingsutsettelse til 1.8.2019.



MØTEPROTOKOLL

Møte: Årsmøtet 2019
Tid: 4. juni 2019 | kl. 15.45 – 16.45
Sted: Clarion Ernst, Kristiansand

Saksliste:

Saknr.	Sak:
AS 1/2019	Registrering av årsmøtedelegater
AS 2/2019	Konstituering av årsmøte 2019
AS 3/2019	Godkjenning av innkalling og saksliste
AS 4/2019	Styrets årsmelding 2018
AS 5/2019	Arsregnskap og revisjonsberetning 2018
AS 6/2019	Medlemskontingent 2020
AS 7/2019	Handlingsplan 2019-2020
AS 8/2019	Årsbudsjett 2020
AS 9/2019	Innkomne forslag/vedtektsendringer
AS 10/2019	Valg til styre
AS 11/2019	Valg av valgkomite
AS 12/2019	Valg av revisor

4. juni 2019


Aud-Kristin Løken


Hogne Haktorsen

ÅS 3/2019 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Innstilling til vedtak:

Arsmøtet godkjenner innkalling og sakliste

Behandling i møte:

FKTs årsmøte 2019, godkjente innkalling og sakliste til årsmøte 2019

Vedtak:

Arsmøtet godkjenner innkalling og sakliste

ÅS 4/2019 STYRETS ÅRSMELDING 2018

Innstilling til vedtak:

Arsmøtet 2019 godkjenner styrets årsmelding for 2018.

Behandling i møte:

Styreleder orienterte om saken. Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Arsmøtet 2019 godkjenner styrets årsmelding for 2018

ÅS 5/2019 ÅRSREGNSKAP OG REVISJONSBERETNING 2018

Innstilling til vedtak:

Arsmøtet 2019 godkjenner FKTs årsregnskap for 2018.

Behandling i møte:

Styrets nestleder orienterte om saken. Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Arsmøtet 2019 godkjenner FKTs årsregnskap for 2018

ÅS 6/2019 MEDLEMSKONTINGENT 2020

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet 2019 fastsetter følgende medlemskontingentsatser for 2020:

Kommune 0 - 5 000 innb.:	kr 3 500
Kommuner 5 001 - 10 000 innb.:	kr 7 000
Kommuner 10 001 - 20 000 innb.:	kr 9 000
Kommuner 20 001 - 50 000 innb.:	kr 12 000
Kommuner med mer enn 50 000 innb.:	kr 15 000
Fylkeskommuner:	kr 15 000
Sekretariater:	kr 9 000

Behandling i møte:

Styremedlem Einar Ulla orienterte om saken.

- 1) Tilleggsforslag fra Klaus Iversen, Sogn og Fjordane fylkeskommune, kontrollutvalet:

Nyinnmeldte medlemmer gis 15 % rabatt første året.

- 2) Tilleggsforslag fra Vidar Kleppe, Vest-Agder fylkeskommune, kontrollutvalget:

Årsmøtet gir styret fullmakt til å iverksette tiltak for å rekruttere nye medlemmer

Avstemming:

Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Tilleggsforslagene ble stemt over hver for seg.

Forslag nr. 1 fikk 4 stemmer og falt.

Forslag nr. 2 fikk 12 stemmer og falt.

Vedtak:

Årsmøtet 2019 fastsetter følgende medlemskontingentsatser for 2020:

Kommune 0 - 5 000 innb	kr 3 500
Kommuner 5 001 - 10 000 innb	kr 7 000
Kommuner 10 001 - 20 000 innb	kr 9 000
Kommuner 20 001 - 50 000 innb	kr 12 000
Kommuner med mer enn 50 000 innb	kr 15 000
Fylkeskommuner	kr 15 000
Sekretariater	kr 9 000

ÅS 7/2019 HANDLINGSPLAN 2019-2020

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet 2019 fastsetter FKTs handlingsplan for 2019-2020.

Behandling i møte:

Styreleder orienterte om saken. Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Årsmøtet 2019 fastsetter FKTs handlingsplan for 2019-2020

ÅS 8/2019 ÅRSBUDSJETT 2020

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet 2019 fastsetter FKTs årsbudsjett for 2020.

Behandling i møte:

Styrets nestleder orienterte om saken. Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Årsmøtet 2019 fastsetter FKTs årsbudsjett for 2020

ÅS 9/2019 INNKOMNE FORSLAG OG VEDTEKTSENDRINGER

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet 2019 tar til orientering at det ikke er kommet forslag til saker eller vedtektsendringer fra medlemmene.

Behandling i møte:

Forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Årsmøtet 2018 tar til orientering at det ikke er kommet forslag til saker eller vedtektsendringer fra medlemmene

ÅS 10/2019 VALG TIL STYRE

Forslag fra valgkomiteen

Styremedlemmer (to år):

- Einar Ulla – gjenvalg for 2 år (Kontrollsjef i Sogn og Fjordane fylkeskommune)
- Liv Tronstad – ny for 2 år (Seniorrådgiver i Konsek Trøndelag IKS)

Varamedlemmer (to år):

- Første vara: Kjell Tore Wirum - ny for 2 år (Daglig leder Follo kontrollutvalgssekretariat)
- Andre vara: Jane Anita Aspen – ny for 2 år (Daglig leder i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal)

Behandling i møte:

Valgkomiteens leder presenterte et justert forslag. Forslaget fra valgkomiteen ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Styremedlemmer (to år):

- Einar Ulla – gjenvalg for 2 år (Kontrollsjef i Sogn og Fjordane fylkeskommune)
- Liv Tronstad – ny for 2 år (Seniorrådgiver i Konsek Trøndelag IKS)

Varamedlemmer (to år):

- Første vara: Kjell Tore Wirum - ny for 2 år (Daglig leder Follo kontrollutvalgssekretariat)
- Andre vara: Jane Anita Aspen – ny for 2 år (Daglig leder i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal)

ÅS 11/2019 VALG AV VALGKOMITE

Innstilling til vedtak:

Valg av medlemmer til valgkomiteen:

Medlemmer:

- Berit Pedersen, rådgiver kontrollutvalget Nordland f. kom. (to år)
- Arnar Helgheim, daglig leder SEKOM-sekretariat (to år)

Varamedlemmer:

- Torill Bakken, daglig leder Kontrollutvalg Fjell IKS (to år)

Leder og nestleder:

- Leder: Frank Willy Djuvik, kontrollutvalsleiar, S. og Fj. f. kom. (ett år)
- Nestleder: Berit Pedersen, rådgiver kontrollutvalget Nordland f. kom., (ett år)

Behandling i møte:

Styreleder presenterte en justert innstilling. Styrets innstilling til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Valg av medlemmer til valgkomiteén

Medlemmer

- Berit Pedersen, rådgiver kontrollutvalget Nordland f. kom. (to år)
- Arnar Helgheim, daglig leder SEKOM-sekretariat (to år)

Varamedlemmer

- Torill Bakken, daglig leder Kontrollutvalg Fjell IKS (to år)

Leder og nestleder

- Leder: Frank Willy Djuvik, kontrollutvalsleiar, S og Fj f kom. (ett år)
- Nestleder: Berit Pedersen, rådgiver kontrollutvalget Nordland f. kom. (ett år)

AS 12/2019 VALG AV REVISOR

Innstilling til vedtak:

Valg av revisor (ett år):

- Bjørn Gulbrandsen, rådgiver Østfold kontrollutvalgssekretariat

Behandling i møte:

Styrets innstilling til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Valg av revisor (ett år)

- Bjørn Gulbrandsen, rådgiver Østfold kontrollutvalgssekretariat



Til
- Kommunene
- Fylkeskommunene

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS
Mottatt dato: 01.07.19
Journalført: 19/288/4ha/05h
Arkivkode: 033

Att.: Ordfører / fylkesordfører
Rådmann / fylkesrådmann
Byråd / fylkesråd
Saksansvarlig valgteknisk forberedelse
Ev. videresending til representanter for valglister til kommune- og fylkestingsvalget

Oslo, 1.7 2019

Valg av kontrollutvalg for perioden 2019–2023

Stortinget vedtok 22. juni 2018 en ny kommunelov. Mesteparten av den nye loven settes i kraft fra og med det konstituerende møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valgperioden 2019–2023, jf. kgl.res nr. 2062 av 20.12.2018. Dette gjelder blant andre kapittel 24 om kontrollutvalget.

Kontrollutvalget er ett av de få lovfestede utvalgene i kommunen/fylkeskommunen - et stadig mer sentralt utvalg, ikke minst på grunn av økt satsing på forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Det gjør også at kommunestyrene prioriterer utvalget høyere nå enn før. FKT ser det som en naturlig og gledelig utvikling.

Utvalget er ellers spesielt mht. hvem som kan velges. Vi fikk både i 2011 og i 2015 meldinger om feil ved valg av kontrollutvalg. Vi vil derfor gi noen råd og innspill før nytt utvalg skal velges i 2019:

Den nye kommunelovens bestemmelser om valg av kontrollutvalg

§ 7-1 Konstituerende møte i kommunestyret og fylkestinget

- Kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet, etter valg av formannskap/fylkesutvalg, ordfører/fylkesordfører og varaordfører/fylkesvaraordfører.

§ 23-1 Kontrollutvalget

- Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget.
- Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren.
- Utvalget skal ha minst fem medlemmer.
- Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

Utelukket fra valg er

- a) ordfører og varaordfører
- b) medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg
- c) medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare
- d) medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd
- e) medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité
- f) ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen (gjelder også deltidsstillinger)
- g) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- h) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefellesskap.

Kommunelovens regler om kjønnsmessig balanse gjelder også for kontrollutvalget.

Kontrollutvalgets rolle i folkevalgtopplæringen

§ 22-1 om kommunestyrets og fylkestingets kontrollansvar

- Kommunestyret og fylkestinget har det øverste ansvaret for å kontrollere kommunens og fylkeskommunens virksomhet.

Derfor er det svært viktig at kontrollutvalgets funksjon og rolle gis god plass i folkevalgtopplæringen.

Basisopplæringen

Vi er kjent med at det i forkant av opplæringsdagen/ basisprogrammet i KS sitt folkevalgtprogram 2019-2023, vil arrangeres formøte mellom kursleder fra KS og kommunen (ordfører og rådmann). FKT oppfordrer til at kontrollutvalgets sekretariat inviteres til møtet. Sekretariatet kan bidra med sin erfaring og gi gode tips om kunnskapsbehovet.

Hvis kontrollutvalget skal kunne gjøre en god jobb for kommunestyret, er det viktig at medlemmene kjenner hele den kommunale virksomheten. Basisprogrammet er i så måte en god anledning og kontrollutvalget bør få tilbud om å delta på opplæringen.

Folkevalgt dager

KS anbefaler at det arrangeres folkevalgt dager som kommer i tillegg til basisprogrammet. Her kan kommunen selv legge inn fordypninger i ulike emner. Den kommunale egenkontrollen er et viktig emne som bør vurderes i denne sammenhengen.

Opplæring av kontrollutvalg

Kontrollutvalget er et lovfestet og viktig utvalg i kommunen som bør ha dyktige medlemmer. FKT er godt i gang med å planlegge opplæringstiltak for kontrollutvalgene etter valget:

- Vi vil tilby våre medlemmer en seire pp-presentasjoner - 1-2 dagers kurs som kan benyttes lokalt evt. regionalt.
- Vi vil også tilby et eget kursopplegg for kontrollutvalgsledere – «kontrollutvalgslederskolen».
- Hvert år arrangerer FKT fagkonferanse der vi retter søkelyset mot aktuelle problemstillinger og saker. I 2020 arrangeres konferansen 3-4. juni på Gardermoen. Det er naturlig at innholdet i konferansen tilpasses at kontrollutvalgene er nyvalgte.

Vi oppfordrer kommuner og fylkeskommuner til å avsette tilstrekkelige ressurser i budsjettet for 2020 til opplæring av nytt kontrollutvalg.

FKT er tilgjengelige for spørsmål som måtte dukke opp i forbindelse med valg av kontrollutvalg, egenkontrollens plass i folkevalgtopplæringen og opplæring av kontrollutvalg.

Kopi:
FKTs kontrollutvalgs- og sekretariatsmedlemmer
KS

Vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen (s)
Generalsekretær



Rettsikkerhet – en del av fellesskapets verdier

Publisert 22.08.2019



Rune Tokle, daglig leder i Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

NKRF mener | Kommunerevisjonene bidrar til å styrke innbyggernes rettsikkerhet i den kommunale forvaltningen både gjennom regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Norges Kommunerevisorforbunds visjon er å være *på vakt for fellesskapets verdier*. Med det mener vi at vi skal være på vakt for de økonomiske verdiene som skapes og forvaltes i Kommune-Norge. Det gjør vi gjennom revisjon av kommunale og fylkeskommunale regnskaper.

Som det står i § 24–6 i den nye kommuneloven: «Revisor skal vurdere risikoen for brudd på kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene, og innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om årsregnskapet inneholder vesentlige avvik fra disse premissene.»

Dette vil være viktig informasjon for de folkevalgte i en kommune eller fylkeskommune. Det er ofte budsjettdiskusjonene som får oppmerksomhet i mediene, og det er ikke så rart, siden budsjettet sier hvordan fellesskapets midler skal brukes det kommende året. Men da vil det også være nyttig for de folkevalgte å kunne vurdere om midlene faktisk ble brukt i tråd med premissene som ble lagt da budsjettet ble vedtatt.

Den nye kommuneloven inneholder også begrepet «forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen», som er nytt i forhold til tidligere lov. I lovens § 24–9 står det at «regnskapsrevisor skal se etter at kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak».

Denne nye oppgaven blir tatt på alvor av Norges Kommunerevisorforbund, og vår revisjonskomité har derfor utarbeidet et forslag til standard for forenklet etterlevelseskontroll. Dette har skjedd i samarbeid med Den norske Revisorforening, som har tiltrådt vår revisjonskomité. Forslaget til standard vil bli sendt på høring i løpet av høsten.

Revisor skal også gjennom revisjonen bidra til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Dette er en meget viktig mekanisme, som – hvis den brukes riktig – kan bidra til å bevare tilliten i lokaldemokratiet. En annen og meget sentral del av kommunal revisjon er forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Gjennom forvaltningsrevisjon skal det gjennomføres systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

I eierskapskontrollen skal det kontrolleres om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Hvor kommer så rettsikkerheten inn i bildet?

Av det ovenstående framgår at fellesskapets verdier ikke bare er pengene, men også tilliten, gjennomsiktigheten, demokratiet – og velferden!

“ Av det ovenstående framgår at fellesskapets verdier ikke bare er pengene, men også tilliten, gjennomsiktigheten, demokratiet – og velferden! ”

Intet av dette er mulig uten at rettsikkerheten er der. Men hva mener vi med rettsikkerhet i en kommune eller fylkeskommune?

Vi tenker ofte på rettsikkerhet i forbindelse med rettssystemet og domstolene. De avgjørelsene domstolene treffer, skal være rettferdige og forutsigelige. Rettsikkerhet må imidlertid også gjelde forvaltninga. Den statlige forvaltninga – og den kommunale og fylkeskommunale forvaltninga.

Og det er ikke tvil om at det i en kommune eller fylkeskommune treffes mange avgjørelser som får konsekvenser for enkeltpersoner, grupper og innbyggerne som helhet.

Ofte er det de svakeste som rammes av manglende rettsikkerhet. Barnas rettsikkerhet er helt avhengig av at barnevernet fungerer som det skal, at sosialtjenesteloven følges av kommunene, og at elevene får tilpasset opplæring i skolen. Den kommunale forvaltning er helt avgjørende for at innbyggernes rettsikkerhet ivaretas.

“ Ofte er det de svakeste som rammes av manglende rettsikkerhet. ”

Et annet prinsipp innen rettsikkerheten er at de som treffer avgjørelsene skal kunne kontrolleres.

Her er forvaltningsrevisjon et meget viktig verktøy for de folkevalgte. Gjennom sine bestillinger av forvaltningsrevisjoner kan de folkevalgte sikre seg informasjon om hvordan velferden – og dermed rettsikkerheten – til kommunens innbyggere fungerer. Er det bra nok – eller må man treffe tiltak for sikre at rettsikkerheten ivaretas på en forsvarlig måte?

Det kan ikke være tvil: Rettsikkerheten er en del av fellesskapets verdier! Spørsmålet er om den er god nok.

Dette innlegget ble også publisert i Kommunal Rapport den 22. august 2019 og på www.kommunal-rapport.no den 23. august 2019.

Del artikkelen:



SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	23.09.19	09/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

TILBAKEMELDING FRÅ RÅDMANNEN PÅ SPØRSMÅL FRÅ UTVALET OM INTERNOPPLÆRING OG OPPFØLGING AV TILSETTE

Saksvedlegg:

1. Skriv frå konstituert rådmann av 11.09.19
2. Infoplakat om medarbeidarundersøking av 18.07.19

Bakgrunn:

Etne kontrollutval gjorde følgjande vedtak i møtet 20.05.19, under sak Ymse:

Misnøye blant enkelte innbyggjarar

Leiar meinte at han høyrte mykje misnøye frå enkelte innbyggjarar. Innbyggjarane var ikkje nøgde med kommunen sine tenester og korleis dei blei handsama i møtet med kommunen sine tilsette. Brukarundersøkingar syner at dei fleste innbyggjarar er godt nøgde med kommunen og tenestene som blir levert. Fleire i utvalet meinte å ha høyrte noko av det same.

Utvalet meinte det vil vera interessant å få ei orientering frå rådmannen om korleis dei tilsette får internopplæring og oppfølging for å yta best mogleg service og best mogleg tenester til alle innbyggjarane.

Utvalet slutta seg til framlegget om å få ei orientering frå rådmannen i septembermøtet.

Saksorientering:

Konstituert rådmann har i skriv dagsett 11.09.19 gitt ei tilbakemelding til utvalet på korleis kommunen arbeider med internopplæring og oppfølging. Rådmannen legg også ved ein infoplakat om medarbeidarundersøking og ein power-point presentasjon frå internopplæring.

Rådmannen skriv følgjande:

Svar på spørsmål om misnøye:

Rådmannen synes det er leit å høyra at leiar i kontrollutvalet har høyrte at det er misnøye med kommunen sine tenester og måten dei tilsette yt tenestene på.

Til grunn for all tenesteyting ligg dei felles etiske retningslinjene for tilsette og folkevalde i Etne kommune vedtekne i K-sak 062/12. Der det vert lagt vekt på at Etne kommune skal leggja til rette for god offentleg tenesteyting, service og informasjon.

Etne kommune sine leiarar har våren 2019 starta opp eit leiarutviklingsprogram i regi KS konsulent. Legg ved informasjon av nytt verkty «10 faktor» som er eit verkty me har tatt i bruk for å utvikla haldingar og oppfatningar som påverkar Ytingar og resultat.

Dette verktøyet har me og teke i bruk for å revitalisera verdiane våre TRYGG RAUS og ENGASJERT. Her ligg fleire føringar om service, haldningar og respekt. Innspelet frå kontrollutvalet knytt til missnøye vil og bli sett på agenda til leiarforum for så å bli analysert.

Service og tilbakemeldingar er tema på avdelingsmøte og leiarmøte. Einingsleiar har oppfølging med sine tilsette jf. å gje positive tilbakemeldingar og evt rette opp framferd. Einingsleiarane føl opp både munnleg og skriftleg og ved bruk av systematiske medarbeidersamtalar.

Målsettinga innan pleie- og omsorg er knytt til å møta brukarane, tilsette og pårørande med respekt, ansvarlegheit, høg kompetanse, godt humør og tryggleik. I skulen og i barnehagen snakkar ein mykje om respekt og korleis dei vaksne skal vera gode rollemodellar for borna. Om leiarane får tilbakemelding frå foreldre at dei ikkje blir møtt med respekt, innhentar ein informasjon og kallar inn til møte og vurderer endringar for å betra tilhøva.

I skuleverket har alle nyttilsette redusert undervisning første året for å få rettleiing knytt til eigen praksis. Rettleiinga er knytt opp mot eigen rettleiar. God service er eit av temaet i rettleiinga. Servicen barnehagane gjer blir gitt i tråd med retningslinjer og krav til barnehagelova og rammeplanen for barnehagar. Ein har nyleg gjennomført eit prosjekt der ein legg vekt på at vaksenrolla er viktig og retningsgivande for korleis ein lukkast med samhandling.

I eining Drift har ein hatt gruppearbeid der ein har vektlagt service, respons, informasjon og tilbakemelding. I denne eining er dei tilsette i uteteneste synlege ved å ha like uniformar/t-skjorter.

Denne våren og hausten har alle leiarane og sakshandsamartane fått kursing i offentleglova og i forvaltningslova. Slik kompetanseheving er viktig for å tryggja våre tilsette slik at me kan møta innbyggjarane med rett informasjon.


Konstituert rådmannen er invitert for å delta i møtet for å kunne utdjupe svaret og svare på moglege spørsmål.

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold som utvalet vil ta med i vedtaket, basert på opplysningane i tilbakemeldinga og orientering gitt i møtet. Sekretariatet meiner rådmannen har gitt ei tilfredsstillande tilbakemelding på spørsmålet frå utvalet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval tar tilbakemeldinga frå konstituert rådmann om internopplæring og oppfølging av tilsette til orientering.

Aksdal, 16.09.19



Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Vedlagt følger særutskrift frå møtet i Etne kontrollutval 20.05.19, sak Ymse.
Kontrollutvalet gjorde mellom anna følgjande vedtak i saken:

Misnøye blant enkelte innbyggjarar

Leiar meinte at han høyrte mykje misnøye frå enkelte innbyggjarar. Innbyggjarane var ikkje nøgde med kommunen sine tenester og korleis dei blei handsama i møtet med kommunen sine tilsette.

Brukarundersøkingar syner at dei fleste innbyggjarar er godt nøgde med kommunen og tenestene som blir levert. Fleire i utvalet meinte å ha høyrte noko av det same.

Utvalet meinte det vil vera interessant å få ei orientering frå rådmannen om korleis dei tilsette får internopplæring og oppfølging for å yta best mogleg service og best mogleg tenester til alle innbyggjarane.

Utvalet slutta seg til framlegget om å få ei orientering frå rådmannen i septembermøtet.

Svar på spørsmål om misnøye:

Rådmannen synes det er leit å høyra at leiarane i kontrollutvalet har høyrte at det er misnøye med kommunen sine tenester og måten dei tilsette yt tenestene på.

Til grunn for all tenesteyting ligg dei felles etiske retningslinjene for tilsette og folkevalde i Etne kommune vedtekne i K-sak 062/12. Der det vert lagt vekt på at Etne kommune skal leggja til rette for god offentleg tenesteyting, service og informasjon.

Etne kommune sine leiarar har våren 2019 starta opp eit leiarutviklingsprogram i regi KS konsulent. Legg ved informasjon av nytt verktøy «10 faktor» som er eit verktøy me har tatt i bruk for å utvikla haldingar og oppfatningar som påverkar Ytingar og resultat.

Dette verktøyet har me og teke i bruk for å revitalisera verdiane våre TRYGG RAUS og ENGASJERT. Her ligg fleire føringar om service, haldningar og respekt. Innspelet frå kontrollutvalet knytt til misnøye vil og bli sett på agenda til leiarforum for så å bli analysert.

Service og tilbakemeldingar er tema på avdelingsmøte og leiarmøte. Einingsleiar har oppfølging med sine tilsette jf. å gje positive tilbakemeldingar og evt rette opp framferd. Einingsleiarane føl opp både munnleg og skriftleg og ved bruk av systematiske medarbeidersamtalar.

Målsettinga innan pleie- og omsorg er knytt til å møta brukarane, tilsette og pårørande med respekt, ansvarlegheit, høg kompetanse, godt humør og tryggleik. I skulen og i barnehagen snakkar ein mykje om respekt og korleis dei vaksne skal vera gode rollemodellar for borna. Om leiarane får tilbakemelding frå foreldre at dei ikkje blir møtt med respekt, innhentar ein informasjon og kallar inn til møte og vurderer endringar for å betra tilhøva.

I skuleverket har alle nyttilsette redusert undervisning første året for å få rettleiing knytt til eigen praksis. Rettleiinga er knytt opp mot eigen rettleiar. God service er eit av temaet i rettleiinga. Servicen barnehagane gjer blir gitt i tråd med retningslinjer og krav til barnehagelova og rammeplanen for barnehagar. Ein har nyleg gjennomført eit prosjekt der ein legg vekt på at vaksenrolla er viktig og retningsgivande for korleis ein lukkast med samhandling.

I eining Drift har ein hatt gruppearbeid der ein har vektlagt service, respons, informasjon og tilbakemelding. I denne eining er dei tilsette i uteteneste synlege ved å ha like uniformar/t-skjorter.

Denne våren og hausten har alle leiarane og sakshandsamartane fått kursing i offentleglova og i forvaltningslova. Slik kompetanseheving er viktig for å tryggja våre tilsette slik at me kan møte innbyggjarane med rett informasjon.

Etne 11.09.19

Hilde Aartun Haraldseide

Konstituert rådmann



INFO NY MEDARBEIDARUNDERSØKING

Rådmannen varslar med dette at me vil gjennomføra ei ny medarbeidarundersøking i oktober månad, blant alle våre faste tilsette, basert på 10 ulike faktorar (10-faktor).

Føremål: Alle tilsette skal få komma med innspel på sin arbeidssituasjon og arbeidsmiljøet i si eining. Dette for å arbeida målretta med forbetringstiltak på den einskilde arbeidsplass.

Kvar einingsleiar skal utføra opplæring/info om 10-faktor i si eining FØR sjølve undersøkinga vert utført i oktober månad.

Det vil komma meir informasjon om gjennomføring av undersøkinga til hausten.

Suksessfaktor: Det er viktig at einingsleiar legg til rette og sikrar at alle faste tilsette deltek på undersøkinga. Dette for å fremja betre kvalitet på tenestene og vidareutvikla arbeidsmiljøet vårt.

Informasjonen som kjem fram etter at undersøkinga er utført, vil einingsleiarane analysere kvar for seg i si eining og deretter saman med alle tillitsvalde og verneombod. Resultata frå einingane skal munna ut i felles endringstiltak som skal gjelda for alle einingane.

Premiering: Eining med høgste %-vis deltaking får kr 5000,- som kan nyttast i eininga til arbeidsmiljøfremmande tiltak. Viss fleire einingar har like høg svarprosent, blir vinnaren kåra ved loddtrekning.

Endring: Gjennomføring av endringstiltaka er den viktigaste delen av denne medarbeidarundersøkinga.

Det skal utarbeidast ein handlingsplan for iversetting av utvalde endringstiltak.

Meir om undersøkinga sjå link:

<http://www.10faktor.no>

Etne kommune 18.07.19
Rådmann Hilde Aartun Haraldseide

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	23.09.19	10/19
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «INNKJØP»

Saksvedlegg: «Innkjøp» - rapport utarbeida av Deloitte AS (eige hefte)

Bakgrunn

I plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 for Etne kommune var revisjon av «Innkjøp» eit av dei prioriterte områda.

Kontrollutvalet starta hausten 2018 ein prosess med å gjennomføra ein slik revisjon. I møtet den 19.11.18, sak 18/18 gjorde utvalet følgjande vedtak:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Innkjøp» i samsvar med vedlagte prosjektplan og med dei innspela som kom fram i møtet. Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på 250 timar.

Føremål:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøkje om organisering av innkjøpsarbeidet i Etne kommune er føremålstenleg, om rutinar og system for innkjøpsarbeidet er i samsvar med lover og reglar og ev. politiske føringar i kommunen, og om regelverket blir etterlevd i innkjøpsprosessar. Vidare har det vore eit føremål å kartlegge kva rutinar og system for kontrollhandlingar som er etablert med omsyn til innkjøp, og å undersøkje om desse er i samsvar med lovar og reglar og politiske føringar i kommunen.

Problemstillingar:

Forvaltningsrevisjonen skulle svara på fylgjande fem problemstillingar:

1. I kva grad har kommunen ein føremålstenleg innkjøpsstrategi?
2. Er organiseringa av innkjøp i kommunen føremålstenleg?
 - a. I kva grad er det etablert ein føremålstenleg fullmaktsstruktur?
 - b. I kva grad har tilsette som er involvert i innkjøp naudsynt kompetanse, og i kva grad er det etablert rutinar for opplæring som sikrar dette?
 - c. Fungerer Etne kommunen si deltaking i Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet etter intensjonen?
3. I kva grad har kommunen etablert føremålstenlege system, rutinar og retningslinjer for å sikre at innkjøp av varer og tenester er i samsvar med gjeldande regelverket?

- a. *Er det utarbeidd tilstrekkeleg med rutinar og retningslinjer for å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket, og i kva grad nyttar kommunen føremålstenlege verktøy i innkjøpa sine?*
 - b. *I kva grad er det etablert interne kontrollar for å avdekke brot på regelverk for offentlege innkjøp og for å sikre at innkjøpa skjer i samsvar med krav om konkurranse?*
4. *I kva grad blir reglane for offentlege anskaffingar følgd i kommunen sine innkjøp?*
 - a) *Er utvalde innkjøp lyst ut eller konkurranseeksponert i samsvar med krav i regelverket?*
 - b) *Er kjøp innanfor rammeavtalar gjennomført i samsvar med avtalane?*
 - c) *Har kommunen inkludert krav til løns- og arbeidsvilkår hos leverandørar og underleverandørar i utlysingar og kontraktar der dette er påkravd?*
 - d) *Er det utarbeidd protokoll for innkjøpa, og er desse i samsvar med regelverket?*
5. *I kva grad har kommunen etablert føremålstenlege rutinar for oppfølging av kontraktar?*

Deloitte AS har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapport blei mottatt av sekretariatet 13.09.19. Rapporten følgjer saka som vedlegg.

Rapporten

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen av revisor sine funn. Føremål, problemstillingar, metode og revisjonskriteria vert presentert i kapittel 1. Rapportens hovudinnhald vert presentert i kapittel 2 - 7. Konklusjon og tilrådingar følgjer i rapportens kapittel 8. Rådmannen sin uttale er tatt inn i vedlegg 1. Revisjonskriterium, andre sentrale dokument og litteratur i vedlegg 2 - 3.

Revisor har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

Basert på funna i undersøkinga, tilrår revisjonen at Etne kommune sett i verk følgjande tiltak:

1. *sikre at alle typar kjøp er omfatta av fullmaktsstrukturen, og at alle fullmaktar blir skriftleggjort*
2. *innføre rutinar for å avdekkje brot på regleverk og kjøp utanfor rammeavtalar*
3. *innføre rutinar for kontraktsoppfølging*
4. *gjennomføre innkjøp i samsvar med krav i regelverket, under dette:*
 - a. *konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med krav regelverket*
 - b. *dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket*
5. *vurdere inngåing av rammeavtalar på områder der det er føremålstenleg*
6. *vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen*

Uttale frå rådmannen

Rådmannen har hatt rapporten på høyring. Ho skriv mellom anna følgjande:

Rådmannen meiner at rapporten i all hovudsak gir eit dekkjande bilete av innkjøpsarbeidet i Etne kommune i den akutelle perioden som er undersøkt. Det har vore stort fokus internt i organisasjonen på innkjøp både før og etter rapporten, og det har blitt jobba godt med innkjøpsprosessar og rutinar, slik at mykje allereie er blitt betra.

Rådmannen har også kommenterte fleire av funna i rapporten og nokre av tilrådingane frå revisor (sjå vedlegg 1).

Konklusjon

Sekretariatet har gjort ei vurdering av at rapporten er av god kvalitet i henhold til standardkrava til forvaltningsrevisjonsrapporter (RSK001), og at den er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling og vedtatt prosjektplan. Val av revisjonskriterier er relevante sett opp mot problemstillingane. Revisor si vurderingar og tilrådingar er vidare basert på innsamla materiale, revisjonskriteriene og dei metodiske avgrensingane.

Resultatet etter forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har forbettringspotensiale i og med at undersøkinga avdekkjer nokre forbettringsområde. Sekretariatet vil på den bakgrunn tilrå at kontrollutvalet ber kommunestyret vedta at revisjonen sine tilrådingar blir fylgt opp.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport skal systematisk bli fylgt opp for å sikre at forvaltninga set i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/manglar og kontrollutvalet må sørge for at kommunestyret sine vedtekte merknader til rapporten vert fylgt. Det vert tilrådd at slik oppfølging skjer frå 6 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret.


Sekretariatet vil tilrå at det blir sett ein frist for rådmannen til når kommunestyret via kontrollutvalet får tilbakemelding om status for tilrådingane.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angåande forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Innkjøp» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 16.09.19


Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	23.09.19	11/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2019

Vedlegg: Revisor si eignerklæring, dagsett 23.04.19 – frå Deloitte AS

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som gjennomfører revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor sin sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei atterhald som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:


I følgje revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, gje ein skriftleg eignerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisoren sin medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar og leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke vedlagde fråsegn, der revisor gjer greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går her fram at det ikkje ligg føre noko som tyer på at revisor ikkje er uavhengig i forhold til Etne kommune. Fråsegna vert gitt på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takas til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar den framlagde eignerklæring for 2019 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS, til orientering.

Aksdal, 16.09.19



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget Etne kommune

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariatet
Mottatt dato: 14.06.19
Journalført: 19/257/096
Arkivkode: 33

23. april 2019

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. Ved Deloitte's planlegging av oppdraget vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i planleggingen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til denne vurderingen.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i kommunen eller i virksomhet som kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolloven

8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Etne kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Etne kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tjenester utføres av Deloitte AS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Etne kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>

Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Deloitte AS for tiden opptrer som fullmektig for Etne kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Med vennlig hilsen
Deloitte



Else Holst-Larsen
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	23.09.19	12/19
Kommunestyret	17.12.19	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	151	

BUDSJETT 2020 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN – KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Vedlegg: Budsjetframlegg 2020

Saksorientering:

Kontrollutvalet har eit vidt arbeidsfelt og er berre underordna kommunestyret. Kontrollutvalet sitt tilsyn er ikkje avgrensa til berre å gjelde økonomiske forhold. Kontrollutvalet skal også sjå etter at saksførebuing og vedtaksprossar, både i administrasjonen og i dei andre politiske organa fungerer på ein måte som garanterer oppfylling av alle faglege krav, og ivaretar grunnleggande rettstryggleikssyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som måtte bli ramma av vedtaka.

Kontrollutvalet sitt ansvar er i fyrste rekke eit påsjår-ansvar, og utvalet si rolle vil fyrst og fremst vere som bestillar. Ein viktig del av dette ansvaret vil vere å sjå til at bestillingane til revisor tilfredsstillar kommunen si trong til ein kvar tid. Dersom kontrollutvalet ønskjer å gjere ei tilleggsbestilling hos revisor, utover vedteken ramme, må utvalet be kommunestyret om ei høgare ramme.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i følge forskrifta leggast fram for kommunestyret, samstundes som kommunen samla budsjett for 2020 vert vedteke. Dersom **kontrollutvalet si innstilling** er lagt inn i rådmannen sitt budsjettframlegg frå administrasjonen, er det antatt at det **ikkje er naudsynt** å leggje framlegget fram for kommunestyret som **eige sak**.

I dei fleste kommunar er det praksis at utvalet si innstilling blir lagt inn i rådmannen sitt budsjettframlegg, utan endringar, dvs inga kutt/reduksjon.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytte til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen si samla verksemd. Dette gjer at kontrollutvalet har eit forplikta ansvar for budsjett og regnskap tilsvarende det dei enkelte resultateiningane i kommunen har. Forskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget omfattar derfor **lovpålagte** oppgåver.

I rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" er det gjeve slik tilråding:

- ***Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.***

Ny forskrift om kontrollutvalg revisjon § 2 seier følgjande om budsjetthandsaminga:

Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen.

Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.

Budsjettframlegget er delt inn i 3 hovudpunkt: utgifter til kontrollutvalet, kjøp av sekretariats- og revisjonstenester:

1. Kontrollutvalet sine egne utgifter

Utgiftene er vidareført som i inneverande år. Budsjettet legg til grunn at det vert fire møter neste år. Talet på medlemmer er fem og møta er på rådhuset på dagtid. Det er også lagt inn midlar til å sende representantar til kurs/møte i nettverk for kontroll og tilsyn.

2. Sekretariatet

Etne kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariattenestene herfrå. Representantskapet vedtok budsjettet for 2020 i møte 06.05.19, sak 6/19.

Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det går fram at det skal betalast ein årleg fast grunnsum og etter medgått timeforbruk basert på eigardel.

Kostnadane for Etne neste år er sett til kr 183 000, som er ei auke på 3 %. I prisen ligg all normal aktivitet i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, arkivhald m.m.

3. Revisjonskostnadar

Regnskapsrevisjonen vert utført innanfor fastsette lovkrav og til ein fast pris med ein kvar tid gjeldande leverandør. Ny avtaleperiode og nye priser for revisjon var gjeldande frå 01.07.16. Kommunestyret gjorde vedtak om å forlengje avtalen med Deloitte AS for ett år i møtet 19.06.19, sak 38/19. Avtalen gjeld nå til 30.06.21. Utgiftene til revisjon, inkludert opptil 250 timar til forvaltningsrevisjon, blir kr 404 000.

For å oppnå gode resultat av forvaltningsrevisjonsprosjekt/selskapskontrollar, og at dei er nyttige for kommunen, vert det krevd at dei økonomiske ressursane er tilstrekkelege.

Frå rapporten "85 tilrådingar" bør ein merke seg:

Kontrollutvalet får oppdraget sitt og finansieringa si frå kommunestyret. Kontrollutvalet har fått ei rekkje oppgåver i lov og forskrift, men det er kommunestyret som er ansvarleg for dei økonomiske rammene for eigenkontrollen, ikkje kontrollutvalet.

Arbeidsgruppa viser til at kommunestyret gjennom det overordna ansvaret, behandlinga av saker frå kontrollutvalet og fastsetjinga av budsjettet til utvalet set dei avgjerande grensene for kor god eigenkontrollen blir i kommunen. Der kommunestyret har teke ei avgjerd i strid med innstillinga frå kontrollutvalet, er det kommunestyret som har ansvaret, ikkje kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt samla budsjettframlegg

For oversyn over budsjettforslaget for 2020, sjå eige vedlegg. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i null. Det blir her sett opp eit samla budsjett på kr 675 000 eksklusiv mva for kontroll og tilsyn for 2020.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret. Forskrifta pålegg difor kommunen å sørge for at kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret, slik at dette forslaget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast.

Sekretariatet forutset at **dersom** det skjer ein reduksjon i budsjettframlegget skal det skje av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen. Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må dette meldast til kontrollutvalssekretariatet.


Saka vert lagt fram for kontrollutvalet til diskusjon knytt til utvalet sine prioriteringar for neste år, samt ei tilråding til kommunestyret for kommande ramme for kontroll og tilsynsarbeidet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Etne kommune for 2020 vert på i alt **kr 675 000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	88 000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	183 000
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	404 000
Totalt	kr	675 000

Aksdal, 16.09.19



Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ETNE KOMMUNE

KONTROLL OG TILSYN - BUDSJETT 2020

ART I KOSTRA	TEKST	UTVALET	SEKRETARIAT	REVISJON	BUDSJETT 2020	UTVALET SITT BUDSJETT 2019	Merk nader
10801	Godtgjersle leiar	17 000			17 000	17 000	
10801	Godtgjersle medlemmene	17 000			17 000	17 000	1
10802	Tapt arbeidsforteneste	10 000			10 000	10 000	
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 000			5 000	5 000	
0	Lønsutgifter	49 000	-	-	49 000	49 000	
11500	Kurs og opplæring	30 000			30 000	30 000	
11601	Skyss- og kostgodtgjersle	5 000			5 000	5 000	
11651	Telefongodtgjersle	500			500	500	
11950	Medlemskap og kontingentar	3 500			3 500	3 500	
1	Andre utgifter	39 000	-	-	39 000	39 000	
13700	Kjøp frå private (Deloitte AS)			404 000	404 000	395 000	2
13750	Kjøp frå HKS IKS		183 000		183 000	177 000	3
	TOTALT	88 000	183 000	404 000	675 000	660 000	

Merknader:

1. Planlagt 4 møter (880,- x 4 møter x 5 medl.)
2. Omfattar rekneskap- og forvaltningsrevisjon, samt selskapskontroll, utan mva.
3. Omfattar sekretariatstenester for utvalet

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	23.09.19	13/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNEVERANDE PERIODE 2015-2019

Vedlegg: Evalueringsskjema

Saksorientering:

Denne valperioden går nå mot slutten og dette møtet vil vere det siste møtet i i denne perioden. Det vil bli valt eit nytt kontrollutval av kommunestyret på det konstituerande møtet. Sekretariatet har difor invitert kontrollutvalet til å arbeide med å evaluere inneverande periode.

Kontrollutvalet har vore invitert til å gje tilbakemeldingar om det ein meiner fungerer bra eller ikkje har vore så bra. Det kan difor vere nyttig mellom anna sjå nærare på:

- samarbeidet med kommunen (adm./ politisk),
- samarbeidet med revisor/tilsyn med revisor,
- samarbeidet med sekretariatet,
- samarbeidet innad i kontrollutvalet,
- opplæring frå sekretariatet og revisor,
- kurs/konferansar,
- budsjett og budsjettoppfølging (kontrollutvalet sitt budsjett, tilgjengelege midlar),
- rapportering til kommunestyret, her under årsmeldingen,
- forvaltningsrevisjon og selskapskontroll,
- rekneskap og internkontroll,
- evt. anna kontrollutvalet ønskjer å ta med.

Sekretariatet har laga eit skjema som følgjer som vedlegg, som er sendt ut til medlemmene i forkant av utsending av saka, og som vi ønskte å nytte ved oppsummering av innspela. Det har sjølvsagt vore også høve til å ta opp tema som ikkje er nemnd i dette skjemaet.

Sekretariatet vil gjere framlegg om at utvalet godkjenner utkast, eller evt. at utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne endeleg oppsett basert på det utvalet blir samd om i møtet.

Sekretariatet vil tilrå at innspela blir vidareformidla til det nye kontrollutvalet som referatsak. Tilbakemeldingane vil også være nyttige for revisor og sekretariatet som server kontrollutvalet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval godkjenner innspela som har kome fram om evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019.

Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne den endelege oppsummeringa, som så vert lagt fram for kontrollutvalet som referatsak i neste møte.

Aksdal, 16.09.19



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalget i valgperioden 2015 - 2019

VEDLEGG SAK
13/19

Kommune

Nr.	Spørsmål	Svar
1	Klarer kontrollutvalget å fylle kontroll-funksjonen på en god måte? Hva kan gjøres bedre?	
2	Er antall møter tilstrekkelig i forhold til saksmengden?	
3	I hvilken grad blir møtene gjennomført på en effektiv og engasjerende måte? Hva kan gjøres bedre?	
4	I hvilken grad har utvalget hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgavene på en god måte?	
5	Hvordan blir kontrollutvalget oppfattet av andre, slik som kommunestyret og administrasjonen?	
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståelse av hvilken rolle og ansvar utvalget har? Hvordan kan utvalget bidra til en god forståelse?	
7	Har det vært klare roller og klar ansvarsdeling mellom utvalget, kommunestyret og administrasjonen?	
8	I hvilken grad er kontrollutvalget synlig nok på kommunens hjemmeside?	
9	Bør kontrollutvalget gjøre mer og/ eller mindre av noe?	
10	Hvordan fungerer samhandlingen med revisor? Hva kan gjøres bedre?	
11	Hvordan har arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll fungert?	
12	Hvordan har samhandlingen med sekretariatet fungert? Hva kan gjøres bedre?	
13	Hvilke forbedringstiltak kan gjennomføres for nytt utvalg?	
14	Kontrollutvalget og henvendelser: - fra innbyggere - ansette - andre folkevalgte – ditt syn?	
15	Hva bør opplæringen for det nye kontrollutvalget inneholde og hvor omfattende bør det være?	
16	Folkevalgtopplæringen for kommunestyret: - her bør kontrollutvalget få delta - Ble roller og ansvar godt nok presentert ved oppstart i forrige periode?	
17	Annet – gi innspill!	